Globale hendingar prega i stor grad året 2023. Krig, innvandring, klimaendringar, inflasjon, auka renter, mangel på kraft og demografiutvikling er dømer på hendingar som har hatt påverknad på kommunane sin økonomi og tenesteutvikling. I tillegg til dei globale endringane som påverka Sunnhordland, så fekk ein hausten 2023 eit politisk skifte. 7 av 8 ordførarar var nye etter kommunevalet. Regionalt er det framleis samferdsel, kollektivtransport, kraftmangel, grøn omstilling, omdømebygging, nok folk og kompetanse som er dei viktigaste stikkorda for kva ein samarbeider om politisk.

Gjennom 2023 har Region Sunnhordland, saman med einingane Sunnhordlandsrådet, Bu i Sunnhordland, Visit Sunnhordland, Rein Hardangerfjord og dotterselskapet Sunnhordland UNESCO Global Geopark, teke viktige steg mot å realisere våre mål for regionen. Me har vore pådrivarar for betre kommunikasjonstilhøve og har aktivt arbeida for å styrkje kultur- og identitetsskapande tiltak.

Me har etablert faste møteplassar og vore til stades på viktige arenaer, sørgd for at relevante aktørar har tilgang til oppdatert informasjon og hjelpt dei til å finne kvarandre. Dette inneber også ei styrking av samarbeidet med naboregionane. Vår proaktive tilnærming har sikra at me er til stades der avgjersler for regionen blir tekne, og at me påverkar på vegne av regionen i forkant av politiske avgjersler.

Tradisjon tru starta me året med at Sunnhordlandsrådet reiste til Oslo, kor me hadde møte med Hordalandsbenken, Olje- og energidepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Samferdselsdepartementet. Desse tema vart blant anna lagt fram: Barnevernsreforma, fastlegeordninga, E134, E39 Hordfast, etterslep på vedlikehald av fylkesvegar, ferjeavløysingsordninga, Stord Lufthamn, grøn næringsutvikling, kraftmangel, nettkapasitet, Geopark Sunnhordland, plan- og bygningslova, demografiutfordringar, busetting av flyktningar og investeringstilskot til bustadbygging.

Vår innsats for ei samordna og effektiv marknadsføring av regionen har bidratt til å styrkje Sunnhordland som ein attraktiv bu- og arbeidsregion, og som eit ynskjeleg reisemål for turistar. Dette arbeidet har ikkje berre gagna dei som allereie kallar Sunnhordland for heim, men h grunnlaget for å ynskje velkomen til jarar og besøkande i åra som kjem. tilbake på dette året, er det tydeleg og felles innsats har vore nøkkelen t vår. Årsmeldinga for 2023 vitnar om ment og dedikasjon til å forme ei lys Sunnhordland, prega av vekst, innov fellesskap.

**Tora Haslum Myklebust**
*Dagleg leiar*



Til innhaldsliste

# Innhald

Regional utvikling .................... 03
Bulyst ........................................ 06
Kompetanse ............................. 08
Reiseliv ......................................09
Infrastruktur ..............................12
Tal og fakta ...............................14
Framtida ....................................16





Foto: Ranveig M. Nesse



Til innhaldsliste

# Regional utvikling

## Region Sunnhordland er ein viktig regional aktør for samfunnsutvikling. Me driv aktiv påverknad for å sikra regionen og den einskilde kommune sine interesser i regionale og nasjonale spørsmål.

For å oppnå regionale utviklingsmål, så krev det eit tett samarbeid med våre  strategiske partnarar. I 2023 hadde me eit særskilt fokus på å vidareutvikle dei gode samarbeidsprosjekta som blei etablert saman med Atheno AS, Haugland Vekst IKS og Hardangerrådet IKS i 2022. I tillegg har me hatt eit auka fokus på vår leveranse til Vestland fylkeskommune.

**Atheno AS**
Atheno AS er den regionale aktøren for næringsutvikling i Sunnhordland. For å lukkast med Region Sunnhordland sine prosjekt som Bu i Sunnhordland, Kompetanseforum Sunnhordland, Visit Sunnhordland og Geopark Sunnhordland, er det svært nyttig å jobbe godt i grensesnittet mellom samfunnsutvikling og næringsutvikling. 2023 blei fyrste året vårt i nytt lokale på Vabakkjen 6, kor me er samlokalisert med Atheno AS. Synergieffekten ved å sitte samlokalisert i det daglege virke er stor.

Saman med Atheno har me oppretta eit nytt felles prosjekt, som starta ut i september 2022 og varte ut 2023. Prosjektet bygde vidare på Region Sunnhordland sitt prosjekt Bu i Sunnhordland og Atheno sitt prosjekt Ung Tekno. Prosjektet hadde som overordna mandat å tiltrekke seg kompetanse og fastankre kompetansen i regionen, samt å skape felles engasjement hjå næringslivet og kommunane. Saman la me regionale aktørar til rette for å dra i felles retning, med ein felles kommunikasjonsstrategi og gode regionale ambassadørar. Arbeidet blei utført i tett dialog med dei åtte kommunane og dei åtte næringsråda i regionen, samt Invest In Sunnhordland.



Foto: Anne Synnøve Lonne

Til innhaldsliste


Foto: Tora Haslum Myklebust


Foto: Tora Haslum Myklebust


Foto: Henriette Lien

**Haugland Vekst IKS**
Sunnhordland deler i stor grad bu- og arbeidsregion med Haugalandet, med ein svært lik industriprofil. Olje- og gassektoren, samt maritim sektor er dominerande på Hauglandet og i Sunnhordland. Region Sunnhordland IKS har saman med Haugalandet IKS starta eit arbeid med å sette storregionen på kartet som den nasjonale havregionen, med eit særskilt fokus på havvind. Haugland Vekst har tilsett ein eigen havvindkoordinator. Invest In Sunnhordland ved Lene Pilskog er òg tett kopla på dette prosjektet. Under Arendalsuka 2023 deltok me under felles profilering.

Region Sunnhordland IKS har også saman med Haugland Vekst IKS tatt ei aktiv rolle i å sette fokus på saumlause tenester og tettare samarbeid mellom Rogaland og Vestland fylkeskommune.

**Hardangerrådet IKS**
Region Sunnhordland IKS har oppretta ein tett dialog med alle regionråda i Vestland fylke, gjennom felles møte. Til liks med Haugalandet, så deler Sunnhordland bu- og arbeidsregion med Hardanger, derav har me eit ekstra tett samarbeid med Hardangerrådet IKS. I tillegg til at me deler bu- og arbeidsregion, så deler me ein av verdas vakraste fjordar; Hardangerfjorden! Den er svært viktig for reiselivet vårt. Hardangerfjorden ber preg av plastforureining over mange år, så i 2022 gjennomførte me saman med Hardangerrådet IKS og Framtidshavet, fyrste av fem «Rein Hardangerfjord» aksjonar. Hardangerfjorden blei rydda frå innerst i fjorden og heilt ut til havgapet ved Bømlo. Fyrste året var Rosendal hovudsete for aksjonen, i 2023 var Norheimsund hovudsete for aksjonen og i 2024 er det Leivik som står for tur. NORCE har og knytt eit forskningsteam til prosjektet, med fokus på mikroplast.

I tillegg til gode resultat, har aksjonen skapt samhald og den er blitt eit viktig ledd for omdømearbeidet i regionen vår. Aksjonen fekk stor merksemd både regionalt, nasjonalt og utanlands. Rein Hardangerfjord var ein vill idé, som blei mogeleg takka vera initiativtakarane i Framtidshavet og eit samarbeid på tvers av dei 13 kommunane som omkransa Hardangerfjorden.

**Vestland fylkeskommune**
Region Sunnhordland har arbeidd langsiktig for å få fleire funksjonar i Vestland fylkeskommune lagt til Sunnhordland. I 2023 oppretta Vestland fylkeskommune to årsverk med arbeidsstad Stord. Desse to stillingane rapportera til fylkeskommunen sin avdeling for Næring og innovasjon. Dette er ei svært positiv utvikling.

Region Sunnhordland er opptekne av å synleggjera at Sunnhordland er eit kraftsenter i Vestland. Sunnhordland er den regionen i Vestland fylkeskommune med høgast eksport pr. innbyggjar. I den samanheng jobbar næringslivet og regionrådet aktivt for at Hordfast skal bli ein realitet. I 2023 opplevde Sunnhordland ikkje ei tydeleg fylkeskommunal stemme i favør Hordfast, og det ligg ei forventning frå Sunnhordlandsrådet at fylkeskommunen nyttar sine
å politisk jobbe Hordfast inn i NTP 2

To gonger i 2023 møtes [illegible]onråda
fylke til administrativt felles[illegible]øte. Ve
kommune deltok begge g[illegible]gane. T
møta var demografiutfor[illegible]gar, me
tiltrekke oss kompetanse t[illegible]estlan
forskap. Det eine møte to[illegible] seg k
etablere eit tettare sam[illegible]id mello
munen, KS og regionråd[illegible]ylkesko
uttrykk for at dei ynskje[illegible]i inviter
samt få tilsendt alle refe[illegible]å møta.

Sunnhordlandsrådet del[illegible]g i Klim
land. Vanlegvis er Sunnh[illegible]ndsrå
tert politisk, men i 2023 [illegible]det dag
Region Sunnhordland s[illegible]øtte p
regionrådet. Eit samla reg[illegible]råd del
under opninga av det fl[illegible]estlan
Eit bygg me nytta til dø[illegible]år reg
Vestland møtes adminis[illegible]t.

Årsr

Til innhaldsliste

# Bulyst

## Bu i Sunnhordland, BiS, er eit langsiktig prosjekt der ein saman med kommunar og næringsliv skal bygge ein attraktiv region.

Ein felles region med felles framtid, der føremålet er å tiltrekke seg og behalde arbeidskraft i regionen. Prosjektet har blant anna tatt utgangspunkt i to av dei fem identifiserte barrierane i rapport «Grøn region Sunnhordland», ein rapport utarbeida av Vestland fylkeskommune og Innovasjon Norge.

1. Utfordrande å få tilgang på kvalifisert arbeidskraft.
2. Manglande samarbeid og oppleving av å væra ein region.

I fellesskap skal ein omstille regionen for å gjere dei naudsynte prioriteringane og tiltaka som skal til for å tiltrekke seg, behalde og utvikle arbeidskraft. Samtidig som ein rekrutterer og utviklar eksisterande utdanning slik at ein kan ta del i dei nye grøne verdikjedene og bruk av ny teknologi. Ved å skape ei felles oppleving av å væra ein region vil ein kunne styrka gjennomføringsevne for omstillinga me står ovanfor.

Gjennom året har BiS jobba med ulike typar aktivitetar som til ei kvar tid er formålstenleg for å skapa dei beste resultata med eit langsiktig mål om at ein over tid knytt nettverk og skapar engasjement for regionen blant unge. Gjennom året har BiS hatt nettverksoverføring og samarbeidsmøte med Haugesundregionen, og det er knytt nettverk med Osloregionen sitt arbeidsområde innan «Internasjonal profilering og talent attraksjon».



Foto: Kjetil Fyllingen

Til innhaldsliste


Foto: Bu i Sunnhordland


Foto: Kjetil Fyllingen


Foto: Bu i Sunnhordland

BiS har gjennom året lansert ny nettside som er retta mot unge og foreldre, vore synleg på ulike arrangement der unge er samla og deltatt på ulike arrangement for å danne nettverk og tileigne kunnskap:

- Arrangert Yrkesfagdag for 10. trinn i regionen, eit arrangement som har som mål å auka interesse for yrkesfag. Sunnhordland har læreplassar, men treng fleire lærlingar. Prosjektet er støtta av Vestland Fylkeskommune.
- MINGEL – september hadde me vårt første Mingel-arrangement. Eit arrangement for unge i regionen som ynskjer å treffe hyggelege lokale og andre nyinnflytta, og få praktisk informasjon om alt frå kvar du kan eta til kvar du kan gå på tur. Det er månadleg og gratis.
- Gjennomført Ung Tekno for 9. trinn på ungdomskular på Bømlo og Stord. Bedrifter som var med på prosjektet var; Wärtsilä, Aker Solutions, Leirvik AS og Bremnes Seashore.
- Deltatt på Kvinnherad og Bømlo konferansen, Berekraftdagen og Haugalandskonferansen i Haugesund, Samarbeidskonferansen innovasjon og næringsutvikling arrangert av Vestland Fylkeskommune i Bergen.

- Deltatt på Karrieredagene NTNU, kveld på HVL i Haugesund og i B
- I samarbeid med lokalt næringsli sund regionen utarbeida Trainee land program, eit attraktivt progra på som gir positive ringverknade verte bedrifter. Samtidig som det dømme for ein felles region. Då p klart var det for lav interesse blan i regionen til at ein kunne starte o Trainee Sunnhordland i 2024.

Det er gjennomført fire styringsgrup partnarmøte, og eit medlemstreff. I o blei det vedteke å danne ny styrings våre samarbeidspartnerar å represe I perioden hausten 2022 – 2023 va foreiningar i regionen representanta gruppa til BiS. Bakgrunn for å danne gruppe er basert på erfaringar frå ti målet om å skapa ei felles opplevin ein region. Erfaringar viser at ein vil kunne skape motivasjon for eit felles og rekrutteringsarbeid ved å involvere ane. Ut frå innspel frå samarbeidspa desember 2023 er det laga eit forsla for BiS 2024. Årshjulet beskriv aktiv Sunnhordland, der hovudmålet er i f marknadsføra ein felles region.

# Kompetanse

Privat næringsliv og offentleg sektor i Sunnhordland står no i ein situasjon kor ein har rikeleg med arbeidsplassar og lærlingplassar, men regionen manglar hender og hovud med rett kompetanse til å fylle desse arbeidsplassane, både på kort og lang sikt.

Sunnhordland har gjennom fleire tiår bygd opp ein industrikompetanse innan maritim verksemd og olje- og gass som vert etterspurt i prosjekt over heile verda. Industrinæringa sin kompetanse spelar no ei svært viktig rolle inn i det grøne skiftet. Dette fører til ei markant endring i kompetansestrukturen i industrien.

Vestland fylkeskommune har vedteke «Regional plan for kompetanse og arbeidskraft», der regionale team står for oppfølging av planen. Region Sunnhordland er sekretariat for Kompetanseforum Sunnhordland, og rapporterer inn til Kompetanseforum Vestland.

**Mandat for Kompetanseforum Sunnhordland:**

- Ha oversikt over den lokale arbeids- og utdanningsmarknaden
- Fange opp lokale kompetansebehov og bidra til at det vert utvikla relevante utdanningstilbod
- Gje innspel på kompetansebehov til Kompetanseforum Vestland årleg
- Dele gode prosjekt/«beste praksis»
- Bidra til ei heilskapleg karriererettleiing
- Bidra til å få fleire læreplassar og lærebedrifter
- Gje innspel til «Kompetanseforum Vestland» på saker som ikkje kan løysast lokalt



Foto: Kjetil Fyllingen

Til innhaldsliste

# Reiseliv


Foto: Susanne Byre

## Hovudoppgåvene i reiselivsarbeidet i Sunnhordland er marknadsføring og kommunikasjon, produktutviklingsprosjekt og kontakt med kommunar, bedrifter og andre.

Året 2023 fekk Visit Sunnhordland gjennomført fleire aktivitetar gjennom året for å halde interessa blant reisande og aktørane i reiselivet i regionen oppe. Geopark Sunnhordland spelar ei viktig rolle i utviklinga av region som berekraftig reiselivsdestinasjon. Den 17. mai 2023 blei Geopark Sunnhordland anerkjent som UNESCO Global Geopark. Ein viktig milepåle for vidare utvikling.

**Kommunikasjon og marknadsføring**
Vår/sommar 2023 vart det utarbeida ein revisjon av reiselivsstrategien og ny handlingsplan for Visit Sunnhordland. Arbeidet var leia av prosessvegleiar Ola Ronæss i ein open prosess. Arbeidet starta med samling på Bekkjarvik Gjestgiveri mars 2023. Arbeidet fortsette med ei arbeidsgruppe med deltakarar frå næring og kommune. Strategidokumentet vart sendt til medlemmane i Visit Sunnhordland for gjennomgang før sommaren og blei presentert for desse i august.

På nettsida vart det gjort ein større brukartest i august i 2023. Basert på denne brukartesten er det jobba med ei optimalisering av menystrukturen. Dette viste seg å ha effekt på besøkstal og visningsengasjement. Auke i besøk på nettsida ligg på over 28% samanlikna med fjoråret.

I 2023 begynte arbeidet med nytt Sunnhordlandskart for 2024/2025 som skal trykkast i 30.000 eksemplar på berekraftig ris-papir. Dette blir distribuert til heile regionen og turistinformasjonen i Bergen, Haugesund og Stavanger.

Sosiale media er ein viktig profileringskanal for Visit Sunnhordland. Facebook hadde rekkevidde på - 6,4 % samanlikna med 2022. Talet på samhandlingar gjekk opp med + 54.6 % og lenkeklikk gjekk opp med 32 %. Størst oppgang hadde organisk trafikk, der besøket gjekk opp med 170 %. På Instagram gjekk rekkevidda opp med 53,4 %, medan samhandling og lenkeklikk ikkje har samanlikningstal for 2022. Besøk på profilen gjekk opp med 25,9 %. Kjønnsfordelinga på kontoane er framleis ujamn og held seg på ca. 70 % kvinner og 30 % i begge media. Det blei gjennomført tre rundar med annonsering på Facebook, Messenger og Instagram i løpet av året som nådde eit samla publikum på ca. 25.000 visningar og 1.500 lenkeklikk vidare til nettside. Sommaren 2023 vart fotograf Henriette Lien leigd inn til å få bilete til nettside og Sosiale Media. Dette har resultert i eit godt biletbibliotek og kortfilmar.

**B2B-arbeid**
Visit Sunnhordland deltok 4. mai på informasjonskveld i regi av Visit Bergen der me oppdaterte frontpersonell i overnattingsbedrifter, trafikkterminalar, attraksjonar, turistinformasjonar etc. før sommarsesongstart med informasjon om kva turisten kan oppleve i Sunnhordland.

I juni arrangerte Visit Sunnhordland sommar kickoff i Rosendal/Kvinnherad for turistvertane i Sunnhordland. Her fekk dei opple... som Baroniet Rosendal, Steinparke... fonnsenteret. Føremålet med dagen... turistvertane i heile regionen kunns... Sunnhordland har å by på som reis... at dei er godt førebudde på å ta imo... sommaren kjem. Kvar kommune pr... opplevingar i sin kommune og reis... hadde ein generell presentasjon sc... fokus på fyrtårn og konkrete salbar... i Sunnhordland.

Visit Sunnhordland vart godkjent «B... Reisemål» sommaren 2023. I april ... Visit Sunnhordland sin andre årsrap... arbeidet. Visit Sunnhordland deltok ... på «Samling for Berekraftig Reisem... i regi av Innovasjon Norge.

Destinasjonsselskapet deltar i eit b... for destinasjonar som jobbar med ... berekraftig reisemål. Dette er ei vik...

Årsr...

Til innhaldsliste




gruppe for Visit Sunnhordland å få vere ein del av der 45 destinasjonar er med.

Visit Sunnhordland deltok i april på NTW (Norwegian Travel Workshop) i Oslo. NTW er den største nasjonale messa retta mot nasjonale og internasjonale turoperatørar. Visit Sunnhordland deltok med stand. I forkant av messa vart det inngått avtalar med relevante turoperatørar. Desse avtalane er følgt opp i etterkant av messa, med oppfølging av informasjon om region og aktørar.

Visningsturar og presse er eit satsingsområde som er særs viktig for at Sunnhordland skal bli kjent som turistdestinasjon. Bestillingane på desse turane kjem oftast frå Fjord Norge og Innovasjon Norge, som har anbefalt vår region til turoperatørar og presse.

I 2023 vart det gjennomført ein High-end visningstur i samarbeid med Fjord Norge. Her besøkte 9 turoperatørar Voss, Bergen og Sunnhordland. I Sunnhordland gjekk besøket til det nye hotellet Beckerwyc House, Mirabelle by Ørjan Johannessen og Olakjeret på Austevoll. Turen har gitt resultat ved at det er oppretta avtalar mellom aktør og turoperatør. Det vart også arrangert ein vellykka pressetur for svenske «Gourmet» til Bekkjarvik Gjestgiveri som har resultert i ein flott mat-artikkel.

Visit Sunnhordland har jobba tett i lag med dei andre destinasjonsselskapa i dei tre fylka som utgjer Fjord Norge, både i regi av Fjord Norge,

men og åleine eller saman med Ves
Fylkeskommune. Det er gjennomfør
jamne mellomrom både mellom des
sjefane og dei marknadssansvarleg

Talet på overnattingar låg i 2023 på
Totalt auka overnattingstalet med 8
Hotell utgjorde 127.092 og hadde ei
på 11 %. Camping utgjorde 111.498
med ei auke på 4 %. Land vi merka
frå er Tyskland (28 % på hotell), Dar
camping), USA (72 % hotell) og Itali
hotell). Auke på ferie- og fritidsmark
på ca. 5 %. SSB vil frå 2024 ikkje le
tall på kommunenivå.

**Geopark Sunnhordland**
Året 2023 er andre driftsår for Geop
hordland AS. Selskapet fekk UNESC
Geopark Network-status i mai 2023
vart markert med eit fint arrangemen
Amfi den 1. juni, med guida båttur f
I september var dagleg leiar Brynja
til stades på UNESCO Global Geop
konferansen i Marrakech, for å offisi
UNESCO-utmerkinga. Han kamna n
kraftige og tragiske jordskjelvet på 6
kom frå det uskadd.

Geoparken fekk i all hovudsak sine
tekter frå sju av sunnhordlands åtte
samt Vestland fylkeskommune og S
gledeleg at Etne kommune no er m
ringa. Statsbudsjettløyvinga på 1 mi
på revidert budsjett, etter samla og

frå alle geoparkane sine lokale og nasjonale politikarar. Driftsutgiftene går i all hovudsak til løn, formidlingstiltak, kontorleige samt det nasjonale og internasjonale samarbeidet. Det er òg inngått avtale med SKL om treårig samarbeidsavtale verdt kr 40.000,- pr år til drift. Då Geopark Sunnhordland blei tatt inn i revidert Statsbudsjett, vart stilling som geolog i selskapet utlyst. Anouk-Letizia Firle vart tilsett 1. november i 100 % stilling slik UNESCO-statusen krev.

Det er halde fem styremøte ila. året og generalforsamling vart halden 10. mars. Dagleg drift har hovudsakleg føregått på Moster fire dagar i veka, medan måndagar har vore kontordag hos Region Sunnhordland IKS med deltaking i faste måndagsmøter. Kontoret på Moster vart i juli flytta til Tollhagen like ved Moster amfi pga. ombygging av Moster Amfi.

Geoparkens initiativ overfor HVL om samarbeid angåande utvikling av didaktikk for Geopark Sunnhordland sine naturverdiar, utvikla seg raskt til ein omfattande ERASMUS+ søknad ført i pennen av HVL, der Geopark Sunnhordland inviterte med tre andre UNESCO-geoparkar i Europa. Universitetet i Stavanger vart og involvert, og søknaden vart i juni innvilga med 400.000 euro ila. 3 år. Av dette får Geopark Sunnhordland ca kr 850.000,- UNESCO-statusen vart fleire gonger vist til som grunngjeving for tilsegna.

I løpet av vinteren og våren vart div. informasjons- og profileringsmateriell revidert. Forprosjektet hos Forregion Vestland som me fekk hausten 2022 («Korleis utvikle Geopark Sunnhordland til eit attraktivt og berekraftig reisemål») vart på nyåret starta opp ilag med Vestlandsforsking. Dette munna ut i oppfølgande søknad om testing av KI-reiskap til Regionalt forskingsfond. Me vart og innvilga eit forprosjekt hos NORA for samarbeid om utsleppsfri framdriftsteknologi for RIB-båtar i UNESCO-område.

Organisering og drift av sommarguidinga i Stord Kisgruber vart godt gjennomført og fekk gode tilbakemeldingar av reiselivsforskaren frå Vestlandsforsking. Venelaget for Gruo fekk alle billett-inntektene frå dei ca 900 besøkande (ca kr 100.000,-) medan geoparken fekk dekka arbeid og kostnader av Stord kommune. Formidling av den naturarven som har gjeve geoparken UNESCO-status er sentral oppgåve for drifta. Dette er gjort i seminar (Folgefonnsenteret), i samarbeid med Vil-Vite senteret for grunnskuleklassar, ovanfor lag og foreiningar, politikarar, fylkesadministrasjonen, i møte med fleire klassar både på Bømlo og Stord Vidaregåande, for lærarstudentar ved HVL samt geologistudentar ved UiB.

Skilting er ei kostbar og svært omfattande oppgåve for ein ny UNESCO-geopark. Det er utarbeidd oppgradert grafisk design til alle skilta me har sett opp i Sunnhordland (ny UNESCO-logo), og det er utarbeidd skilt til Tysnes med ambisjon om montering før sesongen 2024. Forskingsprosjektet i Vestlandsforsking har elles avdekka eit stort behov for «krusedullskilt» langs hovudvegane til sjåverdige stader i Sunnhordland, og prosess er starta for å betre dette. For å skape aktivitet og profilering av geoparken heilt aust i regionen, er det laga avtale om bruk av Gamleposten i Dalssjøen i Ølve som utstillingslokale.

I 2023 var det 13 partnarskap i geoparken, innan overnatting, aktivitetar og lokalmat. Partnarane er våre ambassadørar rundt om i regionen, og dette nettverket skal aukast.





# Infrastruktur

## Arbeidet med å betra samferdsleløysingane internt i regionen og mot omverda er eit viktig fokusområde for Region Sunnhordland.

God infrastruktur er ein avgjerande faktor for at regionen skal lukkast på kort og lang sikt, i arbeidet med å skaffe nok og rett kompetanse til næringslivet og regionen vår. Samferdsleprosjekt er eit langvarig arbeid, kor ein heile tida må vera proaktiv og ta dei aksjonane som er naudsynte. Me har i året som har gått vore ein aktiv pådrivar for å sikra felles regionale prioriteringar innanfor sektoren, og har arbeidd med å utvikla gode samarbeidsprosjekt med fylkeskommunen, naboregionane og næringslivet. I 2023 blei det gjennomført møter med Samferdselsdepartementet, samt med fylkeskommunen og Skyss. Prioriterte saker i møte var E39 Hordfast, E134, ferjeavløysingsordninga, kollektivtransport og flyplass.

**E39 Hordfast**
Realisering av ein ferjefri kyststamveg E39 er ei sentral arbeidsoppgåve for Region Sunnhordland og Sunnhordlandsrådet. Det handlar om realisering og oppstart av E39 Hordfast i første fireårsperiode av NTP, samt å sikra finansiering av planlegging og oppstart av E39 frå Bokn til Ådland i NTP.

Hordfast er eit av dei mest samfunnsøkonomiske samferdselsprosjekta i landet, og vert anbefalt med topp prioritet av Statens Vegvesen. Eit samla næringsliv i regionen vår treng ferjefri E39 gjennom Hordfast meir enn nokon gong. Me har hatt aktiv dialog med Statens Vegvesen, Samferdsledepartementet, fylkes- og stortingspolitikarar, og vore til stades på alle relevante arenaer der dette har vore eit tema.

Kommunikasjonsmessig har det vore viktig å få fram samfunnsnytta ved bygging av Hordfast, at ulike prosjekt i Vestland ikkje må setjast opp imot kvarandre, at Hordfasttraséen no er satt, at Hordfast vil føra til reduksjon i klimagassutslepp og energibruk, og at Sunnhordland har teknologi og kompetanse som må nyttast i utvikling og bygging av bruene over Langenuen og Bjørnafjorden.



Til innhaldsliste




**E134**

E134 Haukelivegen er den viktigaste aust – vest korridoren, og ei utbetring av denne vegen vil gi raskare, rimelegare og tryggare transport, i tillegg til at regulariteten aukar, og det vert mindre klimautslepp. For oss er det eit mål at E134 over Haukelifjell handsamast som eitt prosjekt, både i planarbeidet og økonomisk. I 2023 vedtok regjeringa å starte bygginga av tunnel mellom Røldal – Seljestad, og i det denne årsmeldinga blir skriven så er og nyheita om at Bakka-Moe blir tatt inn i NTP 2025-2036 lansert. Me kjem til å fortsette å jobba for at heile prosjektet Bakka-Solheim blir vedtatt.

**Fylkesvegnettet og ferjesamband**

Sunnhordlandsrådet jobbar for at ferjeprogrammet må tydeleggjerast i planprogrammet. Innan ferjeavløysing er ein realitet, er regionen avhengige av seinare avgangar. Dette vil gjere det mogleg for innbyggjarane å nytta seg av kulturtilbod og anna i regionen. Me har og arbeida for å sikra midlar til rassikring av fylkesvegnettet, særleg for fylkesveg 48 i Kvinnherad og Etne.

**Betring av logistikk**

Då Region Sunnhordland arrangerte
alle ungdomsråda i Sunnhordland,
om at betre kollektivtransport og be
ing mellom buss, ferjer og snøggbå
tig for dei. Dei understreka at det ik
for eit fritidstilbod på kvart eit nes, m
behov for å komme seg til og frå på

Dette er òg ei viktig sak for reiselivs
Sunnhordland. Dei har vore ei tydel
høve til å betre samferdsletilbodet i
Mangel på ferjeavgangar gjer at næ
Dette gjer at kulturprogram ikkje er
for alle som ynskjer å delta. Reiseliv
sial på snøggbåtruta mellom Berger
hordland, og internt i regionen, er ik
godt nok, noko som og er reika på
tak i fylkesutvalet. Dette jobbast det

Til innhaldsliste

REGION SUNNHORDLAND

# Tal og fakta

## Arbeidet med å betra samferdsleøysingane internt i regionen og mot omverda er eit viktig fokusområde for Region Sunnhordland.

**Finansinntekter/utgifter**
Inntektene i 2023 er på kr 5.639.595,- inkludert netto finanspostar. Kostnadane i 2023 er på kr 6.188.668,-. Dette gjev eit underskot på kr 549.073,-.

Eigendelane er på kr 4.386.127,-. Av dette er opptjent eigenkapital på kr 1.777.274,-. Der kr 1.311.231,- er knytt til Samarbeidsrådet og kr 466.043,- er knytt til Visit Sunnhordland. Rekneskapen er sett opp med føresetnad om fortsett drift, og styret stadfestar at føresetnaden er til stades.

**Rekneskapsførar og revisor**
Region Sunnhordland har kjøpt rekneskapstenester hjå ECIT Stord AS. RSM Norge AS har revidert rekneskapen og årsavslutninga.



## Administrasjon


**Tora Haslum Myklebust**
Dagleg leiar


**Anne Almås Tranøy**
Økonomi- og berekraftsansvarleg


**Hilde Eide Helland**
Reiselivsansvarleg


**Anne Synnøve Lønne**
Marknads- og kommunikasjonsansvarleg


**Nina M[illegible]re**
Prosjektleiar

## Geopark Sunnhordlan
## Dotterselskap


**Brynjar Stautlan**
Dagleg leiar


**Anouk-Letizia Fi**
Geolog

Årsr

Til innhaldsliste

**Arbeidsmiljø**
Det er eit godt arbeidsmiljø i administrasjonen og mellom styre og administrasjon.

**Ytre miljø**
Verksemda påverkar ikkje det ytre miljø.

**Likestilling**
Det er 5 kvinner i administrasjonen.
I styret har det i 2023 vore 2 kvinner og 1 mann.

**Lokalitetar**
Administrasjonen i Region Sunnhordland leiger kontorlokale på Vabakkjen 6, Stord.

**Styresamansetnad 2023**
Ordførar Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Etne kommune, leiar
Ordførar Linn Therese Erve, Sveio kommune, nestleiar
Ordførar Sammy Olsen, Bømlo kommune, medlem
Ordførar Gaute Straume Epland, Stord kommune, varamedlem

**Region Sunnhordland**
Sunnhordlandsrådet består av ordførarar og kommunedirektørar i Sunnhordland. Ordførar og kommunedirktør i Haugesund og Vindafjord kommunar er observatørar.



**Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim**
Styreleiar

**Linn Therese Erve**
Nestleiar

**Sammy Olsen**
Medlem

Til innhaldsliste

# Framtida

## Årsmeldinga teiknar eit bilete av ein region som både på kort og lengre sikt vil oppleva store utfordringar rundt det å tiltrekke seg nok folk med rett kompetanse og fastankre dei i Sunnhordland.



Det hastar difor at me som region klarar å synleggjera Sunnhordland saman. For å lukkast med eit slikt arbeid vil det krevje eit langsiktig fokus, kor både offentleg sektor, privat næringsliv og frivilligheita trekk i same retning. Ein må væra gode ambassadørar for regionen, men òg løfte fram kvarandre sine verksemder og aktivitetar. Og det vil krevje at me jobbar aktivt for å betre vegane, kollektivtransporten og tilgang på kraft.

Det er svært lett å snakke om samarbeid og viktigheita av FNs berekraftsmål nr. 17, men å faktisk omsette det i vårt daglege arbeid kan væra utfordrande. Det vil krevje at me tenkjer større enn Sunnhordland. Skal vestlandet bli eit godt alternativ til Osloregionen, slik Victor Norman peikar på i Demografiutgreiinga, når et kjem til å tiltrekkje oss kompetanse og nyetableringar, så krev det eit felles fokus frå Bergen til Stavanger. Det er her det store potensialet ligg!

Eit bu- og omdømearbeid består av mange små og store element som alle er svært viktig for å lukkast. Men det er tre viktige faktorar me vil fokusera ekstra på i 2024. Me skal knytte tettare band til ungdommane i regionen, me skal auka talet på samarbeidspartnarar i prosjektet og me skal fortsette å væra proaktive og fremja regionen sine samferdsleinteresser, for å kopla regionen vår tettare på naboregionane, samt betre tilbodet i regionen.

E39 Hordafst, E134 og Sunnfast er tre av dei mest avgjerande samferdselsprosjekta, for at me skal lukkast i arbeidet med å utvikle ein region som er attraktiv både for næringslivet, reiselivet, studentar og innbyggjarar. Me skal òg jobba for at flest mogleg tilførselsvegar til E39 vert klassifiserte som overordna og me må få avkorta reisetida mellom Stord og Kvinnherad. Me vil fortsetje arbeidet med å kartlegge den optimale hurtigbåtruta for Sunnhordland.

Eit anna viktig prosjekt for oss i 2024 blir Rein Hardangerfjord. Prosjektet skal som i fjor gjennomførst saman med Framtidshavet og Hardangerrådet IKS. Sunnhordland deler reiselivsdestinasjonar og næringsliv med Hardanger, i tillegg til at me deler verdas vakraste fjord. Det blir Noreges største strandryddeaksjon, og vil fungere som eit pilotprosjekt for korleis me skal drive strandrydding i Noreg frametter.

Sunnhordland er ein tung olje- og gassregion, og med oljeskattepakken i 2020 er ordrebøkene fullbooka i tida frametter. Samstundes veit me at det hastar med grøn omstilling. Det offentlege må væra ein aktiv pådrivar for at Sunnhordland held tempoet oppe med tanke på funna i rapporten Grøn region Sunnhordland frå 2021. Saman med Haugaland Vekst og Invest In Sunnhordland skal me i 2024 fortsetje det gode samarbeidet med å legge til rette for og fremme havvindregionen Haugalandet og Sunnhordland.

Visit Sunnhordland vil i 2024 ha foku
resertifisering av Berekraftig reisema
skuldersesong. Geopark Sunnhordla
tett saman med Visit Sunnhordland,
er prosjekta viktige drivarar for utvik
det beste for tilreisande, fastbuande
tidige generasjonar

For å synleggjera Sunnhordland sitt
arbeid og merkevarebyggjing regione
løpet 2024 bli laga ein kommunikas
for Region Sunnhordland. Saman m
gode samarbeidspartnarar Atheno o
land Vekst vil me sjå nærare på kor
kan vidareutvikle oss, og saman by
regionen vår til å bli den føretrekte r
for både innbyggjarar, framtidige ge
tilreisande og næringslivet.

Region
Sunnhordland

T: 412 17 024
E: post@regionsunnhordland.no

Postadresse:
Region Sunnhordland
Postboks 444
5403 Stord

Besøksadresse:
Vabakkjen 6, Stord

Web: regionsunnhordland.no

Bu i
Sunn

Geop
Sunn

Visit
Sunn